

Globalskolen skriv skulehistorie

Lilli Brenne Røv er rektor på Globalskolen i Volda, ein nettskule med 1.400 elevar i 102 land. Skulen, som har sin base i Volda, har vore med på å skrive skulehistorie i Noreg med si nyskapande undervisningsform. Og rektoren trur skulen vil oppleve sterk vekst også i åra framover. Dette var noko av det rektor Røv presenterte for yrkesnettverket Rotary.

Globalskolen blei starta opp i 1998 av Helge Standal, og første året hadde skulen 15 elevar.

No har skulen 1.400 elevar i 102 land og all undervisning går føre seg på nettet. Skulen tilbyr undervisning innanfor faga norsk, samfunnsfag og religion/livssyn/etikk. Tilbodet er gratis og er for elevar som oppheld seg i utlandet.

Skriv skulehistorie

Ei evaluering i 2003 viste at Globalskolen er eit svært vellykka prosjekt. Før var det vanleg å sende bøker, og seinare videofilmar til elevane. Globalskolen har med si nettundervisning vore med på å skrive skulehistorie i Noreg, ja faktisk europahistorie. Skulen er nyskapande og leiande på sitt felt, og eit eksempel for andre land. Ei av år-

sakene til suksessen er den høge kompetansen på nettundervisning samt at lærarane har brei erfaring frå tradisjonell undervisning.

Undervisninga er basert på vekeplanar. Og elev og lærar er ikkje nødvendigvis «på nett» samstundes. Dette er viktig då dei fleste tidssonene er involvert. Læraren gir ei personleg tilbakemelding kvar veke, og dersom det er behov for kommunikasjon ansikt-til-ansikt så blir dette gjort med Skype.

Gode tilbakemeldingar

Foreldra er svært begeistra for Globalskolen, og dei melder om at dei får meir innsikt i eleven si undervisning enn i ein tradisjonell skule. Og elevane er også svært fornøgde. Trass i at det ikkje er personleg kontakt i ordinær forstand, så føler elevane ei sterk tilknytning til nettlærarane.

Nettskulen er éin av 14 skular som tilbyr denne type undervisning. Globalskolen er den største aktøren og femner om 80 % av marknaden allereie. Marknadsføringa skjer gjennom kjennskap og via bedrifter. Medan tilsvarande tilbod i andre land er basert på eigenbetaling, så er dette eit gratis-tilbod, der Utdanningsdirektoratet betalar.

Lærarar frå heile landet

Skulen har i dag 26 lærarar, busette



over heile landet. Rektor Lille Brenne Røv held dei fleste møta sine på Skype, også møta i leiarteamet kvar onsdag. I Volda har skulen i dag tre lærarar. Det er venta at dagens 20 årsverk vil auke sterkt.

«Kundane» blir stadig fleire, avslutta rektoren med foredraget i Rotary.

Geir Høydalsvik

Lilli Brenne Røv er rektor på Globalskolen, nettskulen med base i Volda. Medlemmene i Rotary vart imponert over kor langt framme voldabedrifta er på sitt område.